

## KOMMISJONSVEDTAK

2017/EØS/51/70

av 21. mai 2003

## om utpeiking av registereininga for toppnivådomenet .eu

[meldt under nummeret K(2003) 1624]

(2003/375/EF)(\*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 733/2002 av 22. april 2002 om innføring av toppnivådomenet .eu<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 3 nr. 1 bokstav a), b) og c), og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I samsvar med artikkel 3 nr. 1 bokstav b) i forordning (EF) nr. 733/2002 (heretter kalla «forordninga») skal Kommisjonen peike ut registereininga som skal ha ansvaret for organisering, administrasjon og forvaltning av toppnivådomenet .eu, etter offentleggjering av ei interesseteikning i *Tidend for Den europeiske unionen*.
- 2) Kommisjonen offentleggjorde ei slik interesseteikning (2002/C 208/08) i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa* 3. september 2002, der organisasjonar som ønskjer å verte utpeikte som registereining med ansvar for organisering, forvaltning og administrasjon av toppnivådomenet .eu, kunne søkje om dette.
- 3) Fristen for innsending av søknader var 25. oktober 2002.
- 4) På grunnlag av dei formelle krava og utveljingskriteria i interesseteikninga er søknadene vortne vurderte med hjelp frå uavhengige sakkunnige.
- 5) Dei sakkunnige har vurdert søknadene og utarbeidd ei prioritert liste der søkjarane er rangerte etter samla kvalitet sett i lys av utveljingskriteria. Øvst på den prioriterte lista står European Registry for Internet Domains (EURID), nummer to er European Domain Registry Asbl (EUDR), og nummer tre er EUREG. Kommisjonen har granska resultatata som dei sakkunnige har kome fram til, og godkjent den prioriterte lista på dette grunnlaget.
- 6) Slik det er fastsett i artikkel 3 nr. 1 bokstav c) i forordninga, skal Kommisjonen inngå ei avtale med den utpeikte registereininga, der det er fastsett vilkår for korleis Kommisjonen skal overvake registereininga når

det gjeld organisering, administrasjon og forvaltning av toppnivådomenet .eu.

- 7) Det vart vedteke eit utkast til konsesjonsavtale mellom Kommisjonen og registereininga for toppnivådomenet .eu ved kommisjonsvedtak C(2002) 3161 av 28. august 2002, og dette vart offentleggjort saman med interesseteikninga. Dersom vilkåra som er fastsette for utpeiking av registereininga, ikkje vert oppfylte, eller dersom forhandlingane om avtale med organisasjonen som er utpeikt som registereining, vert avbrotne før avtala vert underskriven, anten som følge av at organisasjonen trekkjer seg, eller dersom Kommisjonen meiner at det ikkje er mogleg å inngå ei tilfredsstillande avtale, har Kommisjonen rett til å opne for forhandlingar med ein annan søkjar som har sendt inn ein søknad som oppfyller dei formelle krava og utveljingskriteria.
- 8) I samsvar med artikkel 6 nr. 2 i forordninga har Kommisjonen rådført seg med det kommunikasjonsutvalet som er oppnemnt ved artikkel 22 nr. 1 i europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/21/EF av 7. mars 2002 om felles rammeregler for elektroniske kommunikasjonsnett og -tjenester (rammedirektivet)<sup>(2)</sup>. Utvalet kom med fråsegna si 10. april 2003 om utpeikinga av registereininga med ansvar for organisering, forvaltning og administrasjon av toppnivådomenet .eu —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

European Registry for Internet Domains (EURID) er utpeikt som registereining for toppnivådomenet .eu, og har fått ansvaret for organisering, forvaltning og administrasjon av toppnivådomenet .eu.

*Artikkel 2*

Utpeikinga finn stad på det vilkåret at medlemmene av konsortiet European Registry for Internet Domains (EURID), innan tre månader etter at dette vedtaket tek til å gjelde, legg fram for Kommisjonen prov på at ein ideell organisasjon er stifta, i samsvar med søknaden frå medlemmene av konsortiet EURID.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 128 av 24.5.2003, s. 29, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 85/2013 av 3. mai 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg XI (Elektronisk kommunikasjon, audiovisuelle tjenester og informasjonssamfunnstjenester), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 61 av 31.10.2013, s. 56.

<sup>(1)</sup> TEF L 113 av 30.4.2002, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF L 108 av 24.4.2002, s. 33.

*Artikkel 3*

Dette vedtaket er retta til medlemmene av konsortiet European Registry for Internet Domains (EURID), som er følgjande:

- DNS Belgium vzw/asbl  
Koning Leopold I straat 1 bus 2  
B-3000 Leuven
- Istituto di Informatica e Telematica  
Consiglio Nazionale delle Ricerche  
Area della Ricerca di Pisa  
Via Giuseppe Moruzzi 1  
I-56124 Pisa

- Network Information Centre Sweden AB (NIC SE).  
Sehlstedtgatan 7  
SE-115 28 Stockholm.

Utferda i Brussel, 21. mai 2003.

*For Kommissjonen*

Erkki LIIKANEN

*Medlem av Kommissjonen*